



Retningslinjer for utrekning av obligatorisk deltaking

Jf. § 2-4 nr 3 i [Utfyllende regler for studier ved Det juridiske fakultet](#).

Hovudinnhald

Vedteke av styret 09.09.2003. Sist endra i studieutvalget 24.01.11. Teksten ajourført etter fakultetsstyrevedtak 16.06.2011 om ny studieplan og nye utfyllende reglar for masterstudiet.

- 1) Kurset kan ikkje godkjennast, og karakter kan ikkje settjast, utan at studenten har levert oppgåver m.m. som skal telje med som grunnlag for karakteren for kurset. Det same gjeld øvingar m.m. som skal godkjennast.
- 2) For oppmøte og levering og kommentering av oppgåver m.m. som ikkje skal telje med som grunnlag for karakteren, skal deltakinga reknast slik:

Gjennomsnittet av prosentvist oppmøte på arbeidsgruppemøte og storgruppemøte (sett under eitt), prosentvis innlevering av oppgavesvar på arbeidsgruppeoppgåver og prosentvis kommentering av 2 oppgavesvar per arbeidsgruppeoppgåve skal være minst 75. Det er kun fullstendig oppfylte aktivitetskrav som inngår i grunnlaget for utrekninga.

Som fullstendig oppfylte aktivitetskrav gjeld:

1. **Arbeids- og storgrupper:** Deltaking på heile gruppemøtet i samsvar med fastsett varigheit.
2. **Innlevering av oppgavesvar:** Heile oppgåva skal svarast på, og må fyller dei kvalitative og kvantitative minstekrava som er fastsett i [Krav til skriftlige arbeider på masterstudiet i rettsvitenskap](#). Det gjeld så vel arbeidsgruppeoppgåver som obligatoriske kursoppgåver.
3. **Kommentering av oppgavesvar:** Med mindre noko anna uttrykkeleg går fram av kursbeskrivinga/det ein skilde oppgavesettet, skal studentane kommentere minst 2 oppgavesvar per arbeidsgruppeoppgåve. Dersom kommenteringsplikta ikkje kan oppfyllest innan det tildelte kommenteringslaget, skal den oppfyllest tilsvarande innan den tildelte arbeidsgruppa.

3) Dersom det er fastsatt midtvegsprøve, skal denne alltid vera levert. For kursoppgåvene gjeld punkt 2 tilsvarande sjølv om dei skal leverast til vurdering saman med avsluttande prøve.

4) Er deltakinga ikkje tilstrekkeleg til at kurset kan godkjennast, skal studenten få melding om dette seinast dagen før avsluttande prøve. Sjå likevel § 2-4 (3), andre setning og kapittel 4 i [fakultetet sine utfyllende regler](#). Etter desse reglane kan deltaking også verte underkjent i ettertid.